

Oppdaterte prisar og betaling barnehage

Pris for barnehageplass er regulert av forskrift om foreldrebetaling i barnehagar. Forskrifta fastset ein maksimalpris som vert fastsett av Stortinget, i deira årlege budsjettvedtak. Kommunen har syskenmoderasjon og det gjeld kun på sjølve barnehageplassen, ikkje tillegg.

Plass	Barn nr.1	Barn nr.2
100%	700,-	Syskenmod – 210 kr

Det er foreldrebetaling 11 månadar i året. (Den 12 mnd vert sett på som ferie) vi brukar å ha betalingsfri i juli!

	100%	Tillegg
Matpengar	260,-	Dette gjeld pr. barn uavhengig av om ein får syskenmoderasjon.
Bleieavtale	120,-	<u>Matpengar kjem i tillegg til barnehageplassen og gjeld alle barna i barnehagen.</u>
		Familiar har også høve til å inngå bleieavtale. Sjå gjeldande tabell.

Syskenmoderasjon

Familiar med meir enn eitt barn i barnehagen, får reduksjon i pris for sysken. Dette vert utrekna automatisk og du treng ikkje søkje. Det er 30 prosent reduksjon for barn nummer to, og 50 prosent reduksjon for barn nummer tre og vidare. Sysken må bu i same hushald for å få reduksjon i pris.

Redusert foreldrebetaling

Denne ordninga går ut på at ingen hushald skal betale meir enn 6 % av samla inntekt, for ein barnehageplass. Du må sjølv søkje på fastsatt skjema, og det skal søkjast til Vanylven kommune og søknader blir handsama ut frå hushaldet si samla inntekt. Inntekt/sjølvmelding må leggjast ved søknad. Det kan også søkjast gjennom heile året, med ein månads handsaming av søknad og vedtak gjeldande ut inneverande barnehageår. Det står meir info om dette på heimesida til Vanylven kommune og der finn ein også søknadsskjema ein skal nytte. Ein får tidlegast innvilga reduksjon frå mnd etter ein leverar søknaden.

<https://www.vanylven.kommune.no/tenester/barnehage-og-skule/barnehagar/prisar-og-betaling/>

Gratis kjernetid

Gratis kjernetid betyr at ein kan få 20 timer gratis opphald i barnehagen i veka for barn med plass som er 2- 3- 4- og 5-år og barn med utsett skulestart, og som bor i hushald med lav inntekt. Dersom barnet har heil plass må du betale for opphaldet utover dei 20 timane. Du må sjølv søkje på fastsett skjema, og søknadar vert handsama ut frå den samla inntekta til hushaldet.

De finn skjema for «Redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid» på Vanylven kommune sine sider under barnehage. (det er felles søknadsskjema for redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid, der de kryssar ut kva de søker på, for dei fleste vil det vere begge dele ein kan søkje på – sjå lenka over her).

De vil då få vedtak med kommuna etter dei har behandla søknaden og eg vil få kopi av vedtaka, slik at eg får legge inn reduksjonen på giroane.

Frist for betaling er 15. kvar mnd, dersom dette byr på vanskar for nokon, så ta kontakt med meg så gjer vi avtale individuelt. Oppstår det andre vanskar i høve betaling, så ha lav terskel for å ta kontakt, så ordnar vi ein nedbetalingsplan.

Solsikka barnehage har PBL rekneskap som sender ut faktura til foresatte på foreldrebetalinga. Dette går automatisk og de vil finne dette i nettbanken dykkar.

Med vennleg helsing Marta Bøstrand (sept25)